


05 a

FISKERIDIREKTORATEI
BIBLIOTEKET

13 DES. 1995

ÅRSMELDING 1994 FOR
FISKERIRETTLEIAREN
I
ASKVOLL,
FJALER OG HYLLESTAD



Alden eller Norske hesten i Askvoll kommune.

3807/6 2298

EI ORIENTERING OM DISTRIKTET

ASKVOLL KOMMUNE

Askvoll som er ein typisk kystkommune i Sogn og Fjordane med ca. 870 øyar og skjær, kan totalt sett reknast som den tredje største fiskerikommunen i fylket.

Askvoll kommune er dominert av fjell, jordbruksområde og livskraftige øysamfunn. Ein tredjepart av innbyggjarane i Askvoll bur på nokre av dei 870 øyane i kommunen som utgjer 21,18 % av det totale flateinnhaldet på ca. 321 m². Dei største øyane i kommunen er Atløy, Værøy, Tviberg, Alden og Bulandet, som er ei øygruppe der dei fleste øyane har veiforbindelse med kvarandre.

Kontoret til fiskerirettleiaren for Askvoll, Hyllestad og Fjaler er som kjent plassert i Askvoll sentrum på Næringskontoret.

Folketalet var 01.04.91 **3541 innbyggjarar** og av desse var totalt 1724 arbeidstakarar i 1992. Av desse 1724 arbeidstakarane i Askvoll var 141 registrerte som yrkesaktive fiskarar (blad B) ved slutten av 1993.

Storparten av fiskarane i Askvoll har fiske som eineyrke; 72,68 % (blad B). Dette tilseier at ca. 8,3 % av arbeidstakarane i Askvoll er direkte knytt til sjølve fisket. I tillegg til dette kjem dei som har vore yrkesaktive fiskarar, eller driv fiske på deltid (blad A) og arbeidsplassar inndirekte knytta til fiske (fiskeindustri, fiskemottak, verkstad osv).

Dei største enkeltverksemdene i Askvoll er elles Klausen Mekaniske Verkstad A/S og A/S Helle Fabrikker med til saman ca. 130 arbeidsplassar.

FJALER KOMMUNE

Før kommunereguleringa hadde ikkje Fjaler kommune nokon lang grense mot sjøen. Etter kommunereguleringa fekk Fjaler derimot 3 fleire oppdrettsanlegg og ein god del fiskarar samt eit kystområde som praktisk talt går ut mot havet. Etter kommunereguleringa i 1990 har Fjaler fleire fiskebåtar og yrkesaktive fiskarar enn Hyllestad.

Innbyggjartalet i Fjaler er **ca. 2500 personar**.

Der er ein kommune med variert natur og næringsliv som satsar på å marknadsføre seg sterkt som ein kulturkommune. Fjaler kommune skal mellom anna huse UWC (United World College) som skal åpna i 1995. Fjaler var mellom anna heimkommunen til den kjende diktaren Jakob Sande.

I dei fleste kystkommunane har fiske og landbruk tildlegare vore ein viktig kombinasjon, den såkalla "fiskarbonden". Fiskeriaktiviteten i Fjaler er meir prega av denne kombinasjonen enn i Askvoll der storparten av fiskarane har fiske som eineyrke. Fjaler (Korssund/Folkestad) har også eit aktivt brislingfiskarmiljø.

HYLLESTAD KOMMUNE

Hyllestad vert som Askvoll geografisk å rekna for ein kystkommune, men dei heilt typiske kystområda med øyer og skjær er begrensa til den nordvestlege delen av kommunen. Lihesten i Hyllestad er eit av dei mest kjende landemerka i distriktet. Næringslivet i Hyllestad er prega av jordbruk, industri (Kverner Leirvik) og oppdrett. Det er no ikkje mange igjen i Hyllestad som livnærer seg av fiske (blad A og B).

Hyllestad er ein stor oppdrettskommune med 6 matfisk og 6 klekkeri/settefiskkonsesjonar. Kystlina langs fastlandet i Hyllestad er 118 km lang og kommunen har eit flateinnhald på ca. 260 km².

Folketalet i Hyllestad pr. 01.01.91 var **1733 innbyggjarar**. Talet på innbyggjarar har gått jamt nedover sidan midten av 1980-åra. Hyllestad har eit dramatisk kvinneunderskot, og i aldersgruppa 20-29 år er det registrert 45 % meir menn enn kvinner.

Kart over kommunane.




Fig. 1

1.0 SAMANDRAG

Innanfor oppdrettsbransjen var 1994 eit år prega av lenge etterlengta ro og stabilitet. Pessimistane gjekk heile tida og venta på priskrakket, men det kom ikkje. Prisane var relativt stabile i heile 1994. Medisinbruken var tilnærma lik null og eventuelle sjukdomsutbrot begrensa seg stort sett til pankreas disease og problem med lakselus.

Bruken av leppefisk i merdane for å bekjempe lakselus har no vorte innarbeidd som ei fast rutine blant dei fleste oppdrettarane og det viser seg at denne avlusingsmetoden fungerer svært bra. Det største problemet med denne metoden har vore å få fatt i nok leppefisk tidleg på sommaren. Mest ønskeleg for oppdrettarane er å setja ut leppefisken så tidleg som mogleg etter smoltutsett (i mai), men leppefisken er vanskeleg å fange i nok mengder så tidleg i sesongen.

For fiskarane var 1994 eit år prega av ein viss optimisme på same vis om i 1993. Sildebestanden var enno i sterk vekst og snittprisane var relativt gode. Meir enn 70 % av sildefangstane i 1994 vart levert til konsum. Dette begrensa mottakskapasiteten i 1994, men snittprisane vart høgare.

Kystnotbåtane hadde ei større makrellkvote enn i 1993 og hadde eit bra år. I seinotfisket hadde kystnotbåtane ein relativt dårleg sesong i 1994 på grunn av dårleg vær i juni og kollisjon med makrellsesongen som starta i august.


For kystfiskarane var det eit veldig bra fiske tidleg på våren (feb.- april). Denne vårsesongen har vorte betre dei siste åra grunna sild som gyt på kysten i distriktet. Kystfiskarane frå Askvoll som reiste på torskefiske nord for 62 gr. n. opplevde eit svært bra fiske. Torskekvotene vart oppfiska på rekordtid. Seinare på året var det lokale kystfisket berre litt over middels. Viser elles til fangststatistikken lenger bak i årsmeldinga.

Vi hadde i 1994 ei runde med tildeling av rekrutteringskvotar på torsk. I Sogn og Fjordane skulle 104 tonn fordelast på heile fylket. Det vart tildelt torskekvoter til 5 fartøy i fylket og "EIME" SF-64-A frå Værlandet var ein av desse heldige. Maksimalkvotane på torsk for dei båtane som ikkje har fartøykvote, vart elles auka ganske kraftig i 1994. Denne auka sett i høve til ein relativ høg bifangstprosent leia til at skilnaden i tilgjengeleg torsk for dei mindre kystfiskebåtane med og utan kvote vart redusert.

FISKARMANTAL FOR ASKVOLL KOMMUNE PR. 31.12.94
FORDELING PR. POSTNR.

Antal fiskarar på blad A og B


6970 Stongfjorden	6
6976 Kvammen	11
6980 Askvoll	4
6982 Holmedal	6
6983 Kumle	22
6985 Atløy	23
6986 Værlandet	35
6987 Bulandet	67
Totalt antal	174



FISKARMANTAL FOR FJALER KOMMUNE PR. 31.12.94
FORDELING PR. POSTNR.

Antal fiskarar på blad A og B


6810 Dale	2
6995 Hellevik	4
6994 Fure	0
6990 Korssund	5
6820 Flekke	1
6828 Straumsnes	1
Totalt antal	13



FISKARMANTAL FOR HYLLESTAD KOMMUNE PR. 31.12.94
FORDELING PR. POSTNR.

Antal fiskarar på blad A og B

5940 Leirvik i Sogn	1
5942 Hyllestad	7
5944 Sørbovåg	4
Totalt antal	12



Totalt i alle kommunene: 199 fiskarar

2.0 SYSSELSETTE I NÆRINGA:

2.1 SYSSELSETTE I FISKEFLÅTEN:

Statistikken på sida framfor (fig. 1) stemmer ikkje heilt overens med fiskarmanntal-statistikken nedanfor. Fiskerirettleiaren har ikkje noko svar på årsaka til dette.

Statistiske opplysninger frå fiskarmanntalet pr. 31.12.94.

Antal fiskarar fordelt på alder i dei ulike kommunane. Basert på tal frå Fiskeridirektoratet:

BLAD A							
Aldersfordeling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	Tot.
Askvoll	0	2	3	4	3	51	63
Fjaler	0	3	0	1	2	2	8
Hyllestad	0	0	1	1	0	6	8
Totalt A	0	5	4	6	5	59	79
BLAD B							
Aldersfordeling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	Tot.
Askvoll	4	32	27	23	23	11	120
Fjaler	0	6	1	0	1	1	9
Hyllestad	0	2	2	0	2	0	6
Totalt B	4	40	30	23	26	12	135
Totalt A og B	4	45	34	29	31	71	214

Fig. 2

Statistikken viser framleis ein relativt sterk reduksjon i tal fiskarar totalt og ei endring mot fleire registrerte på blad A i høve til blad B. Endringane kan visast i følgjande tabell:

	Blad A	Blad B	Totalt
1994	79	135	214
1993	73	162	235
1992	63	183	246

Fig 3. Totalt tal fiskarar på blad A og B i Askvoll, Fjaler og Hyllestad

Utviklinga i antal fiskarar dei siste 9 åra. Kun tilgjengeleg statistikk for Askvoll kommune (tala er ved starten av kvart år).

Årstal:	1984	1986	1988	1990	1992	1993	1994
Blad A	57	58	57	48	40	53	63
Blad B	195	211	210	175	162	141	120
Totalt	252	269	267	223	202	194	183

Fig. 4

Utviklinga i fiskarmanntalet for Askvoll kommune, (fig. 4) viser framleis ein klar nedgang i statistikken frå tidlegare år.

Årsaka til den store nedgangen i 1994 kan forklarast ut frå innføringa av ordning med utmelding av fiskarmanntalet pr. 01.04.1994 av blad B for personar som ikkje betalte trygdepremie. Statistikken (figur/diagram på side 6) viser at Bulandet og Værlandet er og svært avhengig av dei arbeidsplassane som kjem frå fiske. Fiske er det einaste yrket som kan oppretthalda busetnaden på desse plassane.

Når det gjeld Fjaler viser tala, på same vis som i Askvoll, ein nedgang i antal registrerte fiskarar. I Hyllestad har tal fiskarar siste åra svinga både opp og ned.

HYLLESTAD

Årstal:	1992	1993	1994
Blad A	6	8	8
Blad B	7	8	6
Totalt	13	16	14

Fig. 5

FJALER

Årstal:	1992	1993	1994
Blad A	6	12	8
Blad B	19	13	9
Totalt	25	25	17

Fig. 6

Totalt i heile fylket pr. 31.12.94 var det 1333 fiskarar på blad A og B fordelt slik:

Blad A	Blad B
343 fiskarar	990 fiskarar

Dette er **188 ferre** enn på samme tid året før (eller ein nedgang på 12,3 %).

I fylkessamanheng hadde Askvoll 18,3 % av fiskarane på blad A og 12,1 % av fiskarane på blad B i 1994.

2.2 SYSSELSETTE I FISKEINDUSTRIEN:

Når det gjeld sysselsettjing i fiskeindustrien vert denne framstilt i årsmeldinga for 1994 på same måte som i årsmeldinga for året før. Det er berre mindre endringar i desse tala.

Fiskerirettleiaren har valt å ta med slakte/pakkestasjonar for oppdrettsfisk som fiskeindustri. I statistikkane for sysselsetting er difor **alle** verksemdar som arbeider med fisk, tekne med .

Den **direkte** sysselsettinga innan fiskeindustrien 1994 vert som følgande:

ASKVOLL

<i>FISKEMOTTAK:</i>	Antal årsverk	
Bulandet Fiskeindustri A/S	9	(15 fast tilsette + 15 sommervikarar)
Nikøy A/S, Bulandet	1	
Tviberg fiskemottak A/S, Atløy	1,5	
Sundfisk A/S, Flokenes	1	
<i>HERMETIKK:</i>		
Sigurd Løkeland Hermetikkfabrikk	11	(ca. 20 tilsette i krabbesesongen)
<i>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</i>		
Landøy Fiskeoppdrett, Værlandet	5	
Sundfisk A/S, Flokenes	5	(ca. 12 tilsette i periodar med slakting)
Totalt antal årsverk:	33,5	

FJALER

<i>FISKEMOTTAK/LAKSESLAKTERI:</i>	Årsverk	
Fure Edelfisk A/S, Grytøyra	0	(tok ikkje mot kvitfisk i 1994)
<i>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</i>		
Fure Edelfisk A/S, Grytøyra	5	
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, Korssund	5	
Totalt tal sysselsette:	10	

NB! Antal årsverk nevnt ovanfor innan slakting/pakking av laks (5 årsverk) er eit reint gjennomsnittleg erfaringstal basert på statistikk laga av Fiskeridirektoratet.

HYLLESTAD

I Hyllestad var det i 1994 framleis ingen registrerte fiskemottak. Dei som er tekne med her er difor mottaks- og pakkeanlegg for laks.

	Antal årsverk	
<i>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</i>		
Fjordfisk A/S, Sørbovåg	2	
Leif Hatlem Fiskeoppdrett A/S, Hyllestad	5	
Edgar Hatlem, Sørbovåg	0	(slakta ikkje fisk i 1993)
Totalt tal sysselsette:	7	

2.3 SYSSELSETTE I HAVBRUKSNÆRINGA:

Oversikta over **direkte** sysselsetting innan havbruksnæringa som vert vist nedanfor, er tal frå Fiskeridirektoratet basert på innsamling av statistiske opplysningar (innleverte skjema med nøkkeldata) frå oppdrettarane.

Kommune:	Ant. anlegg i drift	Personar	Timeverk (matfisk)
ASKVOLL	5 matf.	18	27424
FJALER	5 matf.+ 1 smolt	23	21690
HYLLESTAD	5 matf.+ 6 smolt	48	40412
Til saman:		89	

Fig. 7

Indirekte arbeidsplassar innan havbruksnæringa kjem i tillegg til tala ovanfor. I avleia/indirekte verksemd reknar ein 3 årsverk pr. årsverk.

Indirekte arbeidsplassar som ein følge av oppdrettsnæringa omfattar sal av tenester og varer. Døme på dette er transport, fórproduksjon, eksportørar, produksjon og sal av nøter, tauverk, merdar og anna utstyr. Dette gjeld både innafor og utafor kommunen.

Oppdrettsnæringa kan difor kanskje seiast å være meir viktig i desse kommune enn folk flest trur med tanke på verdiskapning og arbeidsplassar.

3.0 FISKEFLÅTEN:

Nøkkeltal frå merkeregisteret pr. 31.12.94:

Lengde i meter	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
0,0 - 4,9	4	1	0
5,0 - 9,9	91	12	3
10,0 - 14,9	13	3	0
15,0 - 19,9	4	0	0
20,0 - 24,9	5	0	0
25,0 - 29,9	0	0	0
30,0 - 34,9	0	0	0
35,0 - 39,9	1	0	0
40,0 - 44,9	0	0	0
45,0 - 49,9	0	0	0
50,0 og over	0	0	0
Totalt:	118	16	3

Fig. 8

Tala er baserte på statistikk frå Fiskeridirektoratet bortsett frå Hyllestad. Der statistikken er basert på fiskerirettleiaren (merkelovens tilsynsmann) for Hyllestad sine tal.

Ser ein på statistikken for merkeregisteret i Askvoll er det framleis ein nedgang i tal fartøy i høve året før (118 mot 139 året før). Årsaka til dette er mellom anna "ryddeaksjonen" som

fiskeriretleiaren hadde i merkeregisteret i 1993/1994 med sletting av fiskefartøya der eigarane ikkje lenger stod i fiskarmanntalet.

Aldersfordeling på fiskefartøya i Askvoll kan visast på denne måten:

Lengde	Før 1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-89	Etter 1989
0,0 - 4,9			1		1	2	
5,0 - 9,9	2	2	6	15	21	39	
10,0 - 14,9	3			2	4	4	
15,0 - 19,9		1	1	1	1		
20,0 - 24,9			1	2		2	
25,0 - 29,9							
30,0 - 34,9						1	
35,0 - 39,9							
40,0 - 44,9							
45,0 - 49,9							
50,0 og over							
Totalt	5	3	9	20	27	48	

Fig. 9

I tillegg til fartøya ovanfor er det 6 båtar i storleiken 5.0 - 9.9 meter som har ukjent alder.

I høve året før er snittalderen på dei fiskeriregistrerte båtane auka ein del i høve til året før. Årsaka til dette er at den tidlegare nemnte "ryddeaksjonen" i merkeregisteret har fjerna ein del av dei eldste trebåtane som ikkje var i nytta til fiske.

Oversikt over byggemateriale i båtane frå Askvoll i 1994 kan framstillast slik:

Stål 6 båter
Tre 58 båter
Plast 54 båter

(Alle båtane av stål er større enn 15 meter).

Fartøy med kvote for fiske etter torsk i 1994 (nord for 62 gr.n.br.):

FARTØY	KVOTE i 1994
SF-6-A "SJØVÆR", Bulandet	342,3 tonn
SF-147-A "BUEFJORD", Bulandet	121,0 tonn
SF-123-A "SJØGLANS", Atløy	159,6 tonn (overf. "Heggøy Jr.")
SF-300-A "GOLDEN DOLLAR", Bulandet	159,6 tonn
SF-333-A "TJELLNES", Værlandet	107,7 tonn
SF-63-A "EIME", Værlandet	93,1 tonn
<u>SF-30-A "GULLREGN", Atløy</u>	<u>32,0 tonn</u>
Til saman	<u>1015,3 tonn</u>

Antall tonn pr. båt vist ovanfor er i rund vekt ifølge J-17-94 (forskrift). Dette er 406,3 tonn meir enn året før. Denne store auka skyldast som året før større enhetskvoter til kvart fartøy med fartøykvote, på grunn av større torskebestand. Også maksimalkvota på torsk vart betydeleg auka i 1994 i høve året før.

Til eksempel kunne ein maksimalkvotebåt på 10 meter fiske 15 tonn torsk rund vekt i 1994 mot 11 tonn i 1993 og 8 tonn i 1992.

Fartøy over 13 meter. Grov oversikt over fiskeriaktivitet i 1994:

SF-6-A "SJØVÆR" - Autolinefiske. Einaste havgåande linebåt i Askvoll.

SF-97-A "BASTVIK" - Kystfiske/oppdrettsverksemd.

SF-50-A "VESTØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-68-A "EIME" - Kystfiske med garn etter torskefisk, pigghå og breiflabb. Har torskekvote.

SF-97-A "VESTERVON" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-147-A "BUEFJORD" - Kystfiske med garn og not. Har i 1994 også dreve ein del med fiske etter breiflabb. Har torskekvote.

SF-148-A "GRETA ELIN" - Fiske med not etter brisling og sild.

SF-123-A "SJØGLANS." - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har torskekvote.

SF-220-A "HILLERSØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-300-A "GOLDEN DOLLAR" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har torskekvote.

SF-333-A "TJELLNES" - Kystfiske med garn og line etter torskefisk, pigghå og breiflabb. Har torskekvote.

Det var i 1994 **ingen** merkeregistrerte båtar over 13 meter i Hyllestad og Fjaler.

4.0 FISKEINDUSTRIEN:

Det var i 1994 ingen endringar i struktur og plassering på mottakssida i høve året før. Bulandet Fiskeindustri A/S arbeidde vidare med planane som vart påbegynt hausten 1993 om nye lokale for filetfabrikken i Bulandet (næringsbygg).

Nedlegging av eit eller fleire lokale fiskemottak, som siste konsekvens av pålegga frå Kontrollverket, hadde fått store følgjer for den lokale sjarkflåten. Førabels har alle dei tre lokale fiskemottaka heldigvis valt å halde fram drifta med dei investeringar og endringar i drifta dette fører med seg.

Etter at fiskefrakteruta "ARNØYSTEIN" vart lagt ned våren 1994 fekk Vest-Norges Fiskesalslag i samarbeid med Fylkesbaatane til ei avtale som skulle sikre dei lokale fiskemottaka same tilbodet som tidlegare. Den nye båten heitte "LENALINE" og er ei mindre overbygd frakteskute som vart innleigd frå Nord-Norge.

Foredlingsanlegg i Askvoll:

A/S Nikøy Fiskemottak , Bulandet

Fiskemottaket A/S Nikøy tok i mot fangstar frå lokale båtar/sjarkar. Storparten av fangsten vart isa i kasser og sendt til Bergen med fiskefrakteruta "ARNØYSTEIN" og seinare "LENALINE". Fiske etter breiflabb gav ein del auka aktivitet i 1993 for Nikøy Fiskemottak. Ein mindre del av fisken vart solgt direkte til kunder i fylket. A/S Nikøy sender produserte også ein del saltfisk for vidare produksjon til klippfisk og røykt makrell og lokalt sal.

Tviberg Fiskemottak A/S, Atløy

På same måte som A/S Nikøy tok dei i mot fangstar frå mindre fiskebåtar i distriktet. Storparten av fisken vart isa i kassar og sendt fersk til Bergen med "ARNØYSTEIN" og "LENALINE".

Sundfisk A/S, Flokenes

Nils Sund har eit kombinert lakseslakteri og fiskemottak på Flokenes, som var i drift på same måte som før. I tillegg til slakting av laks vart det også landa fisk frå lokale båtar. Både laks og anna fisk isa i kasser vart send til Bergen med "ARNØYSTEIN" og "LENALINE". Storparten av den slakta og pakka laksen vart elles send med bil.

Bulandet Fiskeindustri A/S, Bulandet

Tok i mot sild og levande sei/pale for filétproduksjon. Produkta deira vart vidaresolgt hovudsakleg på innalandsmarknaden av Hallvard Lerøy A/S i Bergen som er medeigar i Bulandet Fiskeindustri A/S. Hausten 1993 sette ei arbeidsgruppe i gang med arbeid for å få til nytt industribygg til Bulandet Fiskeindustri A/S. Arbeidsgruppa fekk ved hjelp av BU-midler utarbeidd eit forprosjekt som vart presentert for fylkestinget hausten 1993. Dette forprosjektet vart utarbeidd av Sivilingeniør Ragnar Hagen A/S i Måløy.

Askvoll kommune engasjerte seg etter kvart i sterkare prosjektet , og tok over ansvare for framdrifta etter arbeidsgruppa hausten 1993. Dette var elles ein naturleg del av prosessen då næringsbygget var planlagt med ein betydeleg kommunal andel. Dette arbeidet pågjekk vidare gjennom heile 1994. I staden for Ragnar Hagen A/S i Måløy, engasjerte Askvoll kommune ein ingeniør i Ulsteinvik som var tilknytt firmaet Sam Lorgen AS.

Foredlingsanlegg i Fjaler:

Fure Edelfisk, Grytøyra

Det vart i 1994 ikkje teke mot kvitfisk frå lokale fiskebåtar/sjarkar på Fure Edelfisk. Anlegget vart difor hovudsakleg brukt til slakting/pakking av laks. Fure Edelfisk gjekk forøvrig konkurs tidleg på våren 1994.

I Hyllestad var det i 1994 framleis ingen foredlingsanlegg/mottak for kvitfisk.

6.0 HAVBRUKSNÆRINGA:

Når det gjeld tal konsesjonar og totalt volum for laksefisk er det ingen endringar i desse kommunane i høve året før.

Oversyn over tal matfiskkonsesjonar for laksefisk i desse kommunane og samla volum:

ASKVOLL	Volum	
Vilnes Fiskeoppdrett A/S, 6985 Atløy	5000 m ³	
Værøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m ³	
Landøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m ³	
Flokenes Fiskefarm A/S, 6976 Kvammen	12000 m ³	
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	12000 m ³	
Sandøy Fiskeoppdrett A/S, 6987 Bulandet	12000 m ³	
Sum	65000 m³	
FJALER		
Gjølanger Fisk A/S, 6995 Hellevik	12000 m ³	+ kons. for 1.000.000 settefisk
Sessalaks A/S, 6995 Hellevik	12000 m ³	
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korssund	12000 m ³	
Lammetun Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korssund	12000 m ³	
Sandnes Fiskeoppdrett A/S, 6994 Fure	12000 m ³	
Sum	60000 m³	
HYLLESTAD		
Fjordfisk A/S, 5944 Sørbovåg	12000 m ³	+ kons. for 130.000 settefisk.
Hatlem L. Fiskeoppdrett A/S, 5942 Hyllestad	12000 m ³	+ kons. for klekkeri (laksefisk).
Edgar Hatlem, 5944 Sørbovåg	12000 m ³	+ kons. for 20.000 settefisk.
Aris Fiskefarm A/S, 5942 Hyllestad	12000 m ³	+ kons. for 400.000 settefisk
Port Salar A/S, 5944 Sørbovåg	12000 m ³	
Sognelaks A/S, 5942 Hyllestad	12000 m ³	
Sum	72000 m³	

Totalt volum i Askvoll, Fjaler og Hyllestad 197000 m³ (dette gjeld oppdrett av laksefisk)

Det var i 1994 **to** konsesjonar for settefisk i Hyllestad, **i tillegg til dei som er nevnt ovanfor**. Dette er Ulvik Settefiskanlegg med 400.000 stk. og Hatlem Aquafarm A/S med 150.000 stk. Samla i 1994 var det i Hyllestad konsesjonar for produksjon av 1.100.000 settefisk.

Når det gjeld konsesjonar for oppdrett av **andre arter enn laks og aure**, er det hovudsakleg snakk om konsesjonar for oppdrett av torsk. Pr. 31.12.94 var følgjande konsesjonar gjeldande:

ASKVOLL	Volum:
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	5000 m ³
Nikøy Petter, 6987 Bulandet	1000 m ³
Norøy Sus., 6987 Bulandet	4000 m ³
Sum	10000 m³

Det vart i 1994 sletta to konsesjonar i Askvoll og ein i Hyllestad for oppdrett av marine artar på grunn av manglande drift/bruk av konsesjonane.

Når ein konsesjon vert gitt er det i utgangspunktet for to år. Etter to år har Fiskerisjefen høve til å trekkje konsesjonen attende dersom konsesjonsinnehavar ikkje kan vise til drift i løpet av desse to åra.

I **Fjaler og Hyllestad** var der i 1994 ingen som hadde konsesjon på oppdrett av andre artar enn laks og aure.

Antal anlegg i drift i 1994 og samla produksjon/salg (rund vekt) av slakta fisk (laks og aure):

	Ant. kons.	Prod. (tonn) laks og aure	Verdi (kr) laks og aure	Gj. pris (kr.) laks og aure
ASKVOLL	5	1,583.0	41.142.800	26,00
FJALER	5	1,782.6	43.359.000	24,30
HYLLESTAD	5	1,844.4	52.766.500	28,60

Fig. 10

Kjelde: Fiskeridirektoratet (statistikk basert på innsende skjema med nøkkeldata).

7.0 ANDRE OPPLYSNINGER

Kystzoneplan for Askvoll kommune vart sendt ut til høyring i 1994. Høyringsutkastet til kystzoneplanen vart motteken med blanda følelsar blant innbyggjarar og organisasjonar i Askvoll, og på grunn av omfattande kritikk/protestar vedtok Fylkesmannen å utsetje handsaminga av planen i påvente avklaring omkring dei viktigaste innsigelsepunkta.

Vi fekk ein ny større fiskebåt i Askvoll i 1994. Det var "SJØGLANS" SF-123-A, eigd av brødrene Heggøy frå Herland på Atløya. "SJØGLANS" avløyser "HEGGØY JR." som vart seld til ein fiskar i Vardø.

Elles var "EIME" SF-63-A frå Værlandet ein av 3 båtar i Sogn og Fjordane som fekk torskekvote i 1994. Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane hadde dette året ca. 140 tonn å dele ut i rekrutteringskvoter på torsk basert på løyvingar frå Fiskeridirektoratet og torskekvotar som vart inndregne i fylket på grunn av manglande aktivitet/utnytting av kvoten (min. 40 % av kvoten i eit av dei to siste åra).

Når det gjeld fiskerinemndene for Askvoll, Hyllestad og Fjaler var det ingen endringar i samansetjinga i høve året før.

Askvoll fiskerinemnd består av:

Norvald Fedøy, Bulandet, formann.
Eva Sund, Kvammen, nestformann.
Tore Hillersøy, Bulandet.
Inge Storehaug, Kvammen.
Aud Sandøy, Bulandet.

Varamedlemer i proritert rekkefølge:

1. Knut M. Landøy, Værlandet.
2. Tore Landøy, Værlandet.
3. Wenke Landøy, Værlandet.
4. Atle Fedøy, Bulandet..
5. Inger Lise Saltskår, Atløy.


Hyllestad og Fjaler fiskerinemnd består av:
Oddvar Herland, Sørbøvåg, formann.
Rolf B. Aralden, Korssund, nestformann.
Haldis Steinset, Guddalen.
Leif Hatlem, Hyllestad.
Irene Bøe, Hyllestad.

Personlege varamedlemmer:
Dagfinn Dumben, Sørbøvågen.
Leif Hatløy, Korssund.
Geir Grytøyra, Fure.
Edgar Hatlem, Sørbøvågen.
Sølvi Hatlem, Sørbøvågen.

I Askvoll fiskerinemnd vart det halde to telefonmøte og to ordinære møter i 1994 der fiskerinemnda handsama totalt 18 saker.

I Hyllestad og Fjaler fiskerinemnd vart det halde eit telefonmøte og eit ordinært møte i 1994 der fiskerinemnda handsama totalt 2 saker.

Askvoll 19.10.94
Fiskerirettleiaren i Askvoll og Hyllestad


Eivind Aarseth